



Hans A. Bredholt
Nævdalen 96
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2714 - 15/24656

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
07.07.2015

Svar på søknad om dispensasjon frå byggjegrænse - gbnr 35/29 Nævdal - garasje

Teknisk drift syner til søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg – gbnr 35/29 Nævdal for oppsetting av garasje.

Vedtak:

Teknisk drift, VVA, vil gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg – gbnr 35/29 Nævdal for oppsetting av garasje på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom tiltak og midt kommunal veg skal være minimum 13,5m.
- Ei føresetnad for dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg er at det vert gitt byggeløyve for garasje i LNF området.

Det er § 29 i Veglova som gjev heimel for at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og



at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hans A. Bredholt

Nævdalen 96

5957

MYKING